



Arkivnr: 2017/485-96

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		21.08.2019

## Nytt fylkeshus - Universell utforming

### Samandrag

På møte i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) den 20.05.2019 fekk rådet ein orientering frå eigedomsavdelinga i Hordaland fylkeskommune: «Prosessen nytt fylkesbygg-status. Med spesiell vekt på universell utforming». På møtet i RMNF den 21.08.2019 vil RMNF få ein ny orientering frå eigedomsavdelinga om universell utforming i nytt fylkeshus. Det vil bli ein dialog mellom RMNF og eigedomsavdeling, der RMNF kan kome med innspel til universell utforming i nytt fylkeshus.

Eigedomsavdelinga har sendt underlag/informasjon til saka. Vedlagt er eit notat om universell utforming frå arkitektfirmaet NSW arkitektur, teikning av plan 1 i nytt fylkeshus (adkomst, publikumsareal, tenestetorg og kafe) og ein teikning for universell utforming i fylkestingsal. Sjå vedlegg.

I arbeidet med løysningsforslag for Fylkeshuset er universell utforming integrert i prosjektutviklingen. Målsetningen er å utarbeide et arkitektoniske heilheitskonsept som gir full tilgjengeligheit og mogeleigheit for likeverdig bruk i heile bygningen.

**Økonomi:** Inga effekt.

**Klima:** Inga effekt.

**Folkehelse:** Kan ha effekt på folkehelse.

**Regional planstrategi:** Inga effekt.

### Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek informasjon om universell utforming av nytt fylkesbygg frå eigedomsavdelinga til orientering, og vil kome med innspel til universell utforming av nytt fylkesbygg i møtet.

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs  
jurist/rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

1. Notat om universell utforming i nytt fylkeshus.
2. Presentasjon av teikning for plan 1 i nytt fylkeshus.
3. Presentasjon av teikning for universell utforming av fylkestingsal.